

Møtedeltakarane

Dykkar ref. **Sakshandsamar:**
Frøydís Ones

Vår ref. **Telefon**
2013/564 - 0 -
24942/2013 56 37 56 33

Arkivkode: **Dato:**
L12 31.10.2013

Referat frå møte den 30. oktober - styringsgruppa for områdeplan Knarvik sentrum

Til stades frå:

Styringsgruppa: Jan Erik Hope, Halvard Rydland, Alf Angelskår, Henriette Mjøs, Sæbjørg Kjeka, Astrid Namtvedt Sylta, Leidulv Brunborg. Vara: Henrik Lindås. Forfall: Ingrid Hindenes og Kjetil Gjerstad

Asplan Viak as: Fredrik Barth

Administrasjonen: Hogne Haugsdal (deltok på første del av møtet) Arnold Matre, Tor Hegle, Frøydís Ones

Referatet er sendt møtedeltakarane for godkjenning. Det kom ikkje merknader innan fristen 11. november.

Administrasjonen og Asplan Viak as orienterte om arbeidet og prosessen som er gjennomført sidan sist møte i styringsgruppa.

Hovudinnhaldet er at vi i arbeidet støytte på uventa utfordringar då Asplan Viak as fekk eit tilleggsoppdrag for å sjå på mogleg alternativ tilkomst til parkeringsanlegg under bakken. I dette arbeidet kom det fram tydelege begrensingar på moglegheita for å byggje under bakken. Sikkerheitssona til framtidig tunnel ville kome i konflikt med bygningsmassen. For å finne ei løysing på dette har Asplan Viak as teikna ut tunnelprofil og snitt for framtidig tunnellop. Desse teikningane viser at det er mogleg å etablere bygningsmasse tilsvarende skissene som Asplan Viak as har utarbeidd, og samstundes leggje til rette for tunnel under E39. Sikkerheitssona er redusert med vilkår om m.a. tiltak i bygningsgrunn. Utfordringa no er å få aksept for av- og påkøyrsløse knytt til E39 til eit framtidig parkeringsanlegg under bakken. Asplan Viak as har teikna ut skisse som viser mogleg løysing som ivaretek krav sett av Statens vegvesen.

Avklarande spørsmål og kommentarar vart stilt til Asplan Viak sin presentasjon, oppsummert:

- «Kvalitetsprogrammets intensjoner» er det same som kvalitetsprogrammet sine løysingar
- I «forprosjektet» er alt tilpassa standarden universell utforming
- GOF er eit akseptert begrep no. Det er enno relativt nytt, på Brøset i Trondheim er dette teke i bruk.
- I arbeidet er kommunedelplan for veg frå 1997 lagt til grunn. Alternativet der tunnel skal leggjast under dagens trasé for E39 vart valt då planen vart vedteken.

Moglege strategiar for slutføringa av arbeidet vart diskutert:

- Kan deler av planområdet slutførast no?
- Å leggje fram plan som vi veit vi får motsegn på - vert tidkrevjande.



- Sørjga for tilstrekkeleg gode løysingar slik at vi ivaretek krava frå vegvesenet, jf. deira attendemelding til arbeidet
- Kan vi gjere endringar i planframlegget for å sikra viktige omsyn?

Konklusjonar:

- Styringsgruppa treng eit nytt møte for å konkludere på fleire punkt som vart presentert, og som må avklarast før ferdigstilling av plandokumenta. Nytt møte vert sett til tysdag 12. november kl. 16. Statens vegvesen vert invitert med på dette møtet.
- Det er ynskjeleg at formannskapet og kommunestyret får same orientering som styringsgruppa.
- Administrasjonen må leggje fram behovet for auka ressursar til formannskapet, dei bør få ei orientering den 31. oktober om at det vil kome ei sak i formannskapet.
- Administrasjonen informerer grunneigarane om utsettinga, med kopi til pressa.
- Styringsgruppa meiner løysinga som Asplan Viak as skisserer for av- og påkøyring til parkeringsanlegg under bakken er ei tilfredsstillande og likeverdig løysing for grunneigarar på begge sider av E39. Denne løysinga skal svare på vegvesenet sine krav. Asplan Viak vert difor beden om å teikne dette ut før kommunen sender det til Statens vegvesen.

Med helsing

Arnold Matre
konstituert fagleiar

Frøydis Ones
arealplanleggar